



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/2023 - 10	08.03.2023	44224/2023/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	24.04.2023

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nedre Sjurgarden ved Dalevegen – motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Detaljregulering Nedre Sjurgarden ved Dalevegen er lagt ut på offentlig ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgende merknader.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Frisiktsoner

Siktsoner skal regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok N100. Reguleringsplankart har ikkje vist frisiktsone til gang- og sykkelvegen. Siktsoner som ei omsynssone i reguleringsplankartet er viktig for å sikre at det er mogleg å halde siktsoner fri for eventuelle sikthindrande tiltak som støyskjermer, gjerder, rekkverk og busker. Plankartet må syne frisikt for gang- og sykkelvegen jf. N100 figur 4.2.1.3-2.

Vi har **motsegn** til plana fram til frisiktsone til gang- og sykkelvegen er innarbeida i plankartet. Heimel for motsegn er veglova § 1a og handbok N100 jf. Veglova § 13.

KONKLUSJON

Vi har **motsegn** til plana fram til frisisiktsone til gang- og sykkelvegen er innarbeida i plankartet. Heime for motsegn er veglova § 1a og handbok N100 jf. Veglova § 13.

Vi viser elles til merknader ovanfor.

Med helsing

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
NVE



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering Nedre Sjurgarden ved Dalevegen

Fråsegn til høyring av planforslag

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Planforslag for detaljregulering Nedre Sjurgarden ved Dalevegen er sendt på høyring og lagt til offentlig ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader. Arealet er avsett til bustadføremaal i kommunedelplan Sentrum-Ikornes.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Avløp

Det går ikkje fram av planomtalen eller rammeplana for vatn og avløp kva for avløpsanlegg bustadområdet blir knytt til.

Plan og bygningslova § 27-2 stadfester at bortleiing av avløpsvatn skal vere sikra i samsvar med forureiningsregelverket. Vi registrerer to potensielle reinseanlegg for planområdet; U12 Ullavika (mekanisk reinseanlegg) og Sykkylven ungdomsskule (ureinsa anlegg).

Vi minner om at kommunen som myndigheit på avløp, må avklare om krava i forureiningsforskrifta er oppfylte.

Vi gjer også merksam på at EUs avløpsdirektiv er revidert. Dette kan føre til endringar i regelverket. Forslag til revidert avløpsdirektiv finn de [her](#).

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar:

Avløp: Gunnhild Liva Austvoll, tlf. 71 25 85 12

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500

Postboks 1010 Nordre Ål

6404

MOLDE

2605

LILLEHAMMER



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/70864-4

Dykkar referanse:
20/2023

Vår dato:
24.03.2023

Uttale til Nedre Sjurgarden ved Dalevegen – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 08.03.2023.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av 6 frittliggande bustadtomter.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkssikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Vår vurdering

Vi har ikkje vesentlege merknader til planforslaget slik det ligg føre.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Detaljregulering av Nedre Sjurgarden ved Dalevegen – høyringssvar frå barne- og ungdomsrepresentanten

Mandatet til barne- og ungdomsrepresentanten (BU) i Sykkylven kommune er å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga (jf. § 3-3 i plan- og bygningslova).

Leikeplass:

- BU ser det som positivt at innhaldskravet på leikeplassen er noko skjerpa i høve minimumskravet. Samtidig er det viktig å kompensere med ekstra høg kvalitet på leikeplassen ettersom kommunen aksepterte ei delregulering av det som opprinneleg var eit større bustadfelt avsett i kommunedelplanen. Dette medfører at det ikkje lenger er krav om ein større kvartalseikeplass på minimum 1500 m² for området. Det er synd.
- Når leikeplassen vert avgrensa til om lag 300 m² meiner BU at ein på dette området i første rekke bør legge til rette for allsidige aktivitetar for dei *ynge* barna. Eldre barn vil få forholdsvis kort avstand til gode areal for lek og aktivitet ved den nye sentrumsskulen på Bakkeøyane.
- Kravet er minimum to leikeapparat. Eitt av desse kan vere dobbelt eller trippelt dissestativ av god kvalitet. Det andre apparatet bør ikkje vere «statisk» men gi rom for at barna får utfordringar slik at dei utviklar sine motoriske ferdigheiter. Gjerne ei hinderløype med klatring og balansering som inspirerer barna til å ta i bruk eit allsidig bevegelsesmønster og utforske sine grenser.
- I tillegg må leikeplassen innehalde sandkasse, bord, sitjeplassar, plantar og andre parkmessige installasjonar som gjer det til ein attraktiv samlingsplass for dei nye bebuarane på Nedre Sjurgarden. Ettersom f_BUA1 og f_BUA2 (Anna uteopphaldsareal) blir liggande som eit par henslengte klattar i «ingenmannsland», lite eigna som opphaldsareal, er det ekstra viktig at leikeplassen får funksjon ein sosial arena. Universell utforming og rekkefølgekrav er ei sjølvfølge.

Trafikktryggleik:

- Sjurvegen vil bli nytta som skuleveg, ikkje berre for eventuelle barn frå Nedre Sjurgarden, men også som tilknytingsveg for barn som kjem frå Grebstadvegen. Det blir difor viktig å opparbeide eit oversiktleg kryss ved Dalevegen, som i fylgje planomtalen har mellom 500 og 2500 køyretøy pr døgn. Avkøyrse til Sjurvegen bør vere brei, med gang-/sykkelveg som strekker seg litt opp i Sjurvegen. På denne måten blir barna blir «losa» trygt inn på den eksisterande gang-/sykkelvegen langs Dalevegen, før dei kjem ned i sjølv krysset. Særleg barn på sykkel kan ha stor fart ned Sjurvegen.

Øyvind Fet

Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune

Sykkylven kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Sykkylven 12.04. 2023

Styret i Sjurvegen
v/Dan Ronny Wilhelmsen
Grebstadvegen 101
6230 Sykkylven

Merknad til «Detaljregulering Nedre Sjurgarden ved Dalevegen» med saksnummer 2020/2023

Styret i Sjurvegen ser positivt på at utbyggjar av Nedre Sjurgarden ordnar vegtilhøva frå fylkesveg til til og med «avtalt endring veg» (merka på detaljreguleringskart) til normert vegstandard.

Jamfør tidlegare jordskiftedom **SAK NR 01/1995-15.20**, vil styret gjere utbyggjar merksam på at dei nye eigedommane er pliktige til å vere med på vinter- og sommarvedlikehaldskostnader på heile Sjurvegen (strekninga mellom Dalevegen og Grebstadvegen). Som andre oppsitjarar, som har tilkomst frå Sjurvegen, må dei nye eigedommane koste eige vinter- og sommarvedlikehald på tilførselsvegar til Sjurvegen.

Styret ser med bekymring på at Sjurvegen, som er ein privat veg, blir brukt som tilkomstveg til den nye sentrumsskulen. Dette er særskilt aktuelt etter at kommunen har bygd ny tilkomstveg frå Dalevegen til Sigurd Johan Aure Saure sin eigedom aust for sentrumsskulen. Sjurvegen går igjennom gardstun og er ikkje offentleg open for allmenn ferdsel.

Styret for Sjurvegen er open for å finne gode løysningar for ein eventuell framtidig kommunal overtaking av vegen for å sikre trygg og god skuleveg til borna.

Styret ser fram til tilbakemelding frå kommunen.

For styret i Sjurvegen

Dan Ronny Wilhelmsen

Kari Viddal Grønli

Sykkylven kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Sykkylven 24.04. 2023

Anna Vold og Hans Petter Brunstad Sørensen
Dalevegen 90
6230 Sykkylven

Merknader til «Detaljregulering Nedre Sjurgarden ved Dalevegen» med saksnummer 2020/2023

- Vi ser positivt på at utbyggjar av Nedre Sjurgarden ordnar vegtilhøva frå fylkesveg til - til og med «*avtalt endring veg*» (merka på detaljreguleringskart) til normert vegstandard.
- Vi vil gjere utbyggjar merksam på at i heile strekninga mellom eigendommen vår og utbyggingsområdet er det ca. seks-sju kisteveiter som renn ut i fire private avløpskummar. Avløpet til tre av kummane kryssar Sjurvegen for avløp i grøft. Den fjerde (mot aust) har avløps rør i nabogrense til 7/389 og til grøft. I nedbørsperiodar er det betydeleg stor vassføring i desse.



Ca plassering av avløpskummar/stikkveiter og kisteveiter mot utbyggingsområdet

- Vi har behov for å kunne kvitte oss med snø frå innkøyringa til garasje, som plassert lengst mot aust på vår eigedom. Strekninga er lang og vi håper at vi fortsatt kan bruke vår snøfresar for å legge snøen på oversida av eigedomsgrensa på merka grøntareal.

Mvh

Anna Vold og Hans Petter Brunstad Sørensen

